

## Odda vitensenter opnar 5. juni

Ein ny hovudattraksjon i år er Odda Vitensenter. Etter lang tid med planlegging, bygging og prøving, er det klart for opning av senteret i det gamle og autentiske laboratoriet til Odda Smelteverk!

Det skjer laurdag 5. juni kl 12.00. Då blir det offisiell opning med talar og "fest" før vi opnar dei nye interaktive utstillingane for publikum og inviterer til "Vitenshow" med spenning og moro.



Vitenshow frå Vil Vite i Bergen. Asle Moldestad (til høgre på biletet), ein viktig støttespelar i utvikling av Odda vitensenter.

## NVIM på sosiale media

Museet er engasjert i såkalla sosiale media. Facebook og andre bloggportalar gir unike høve til kontakt med publikum.

I dag har vi venneside på Facebook og mange museumsvenner er allereie medlemmer i denne gruppa.

Museumspedagog Ingrid Haugrønning har delteke på kurs og har oppretta eigen blogg. Her vert det posta smått og stort frå kvardagen på museet.

Nysgjerrige kan gå inn på:  
[www.inghaug.wordpress.com](http://www.inghaug.wordpress.com).



(foto: Helen Frøyseth)

Kjære museumsvener

Tyssedal og Odda blir stadig meir kjend for si rike industrihistorie. Oddasamfunnet var på verdstoppen med kraftutbygginga i Tyssedal og Skjeggedal som la grunnlaget for 3 store smelteverk. Med handamakt og enkle midlar bygde dei i 1906 Tyssedal kraftanlegg i ville fjellet. Ein imponerande prestasjon!

Tyssedal er eit av dei vakraste lokalsamfunn i Norge. Museet byr på turar til toppen av røyrgata og omvising i vasstunnelane i sommar. I den gamle krambua på kaien finn du kunst, souvenirar og ting med lokalt særpreg. Nytt av året er kafé i kraftstasjonen med mat frå Tyssedal hotell. I Rallaren galleri er vakre utstillingar og mykje som freistar. Har du prøvd deg på "Tyssø via Ferrata"?

Vi er stolt over at Tyssedal kraftanlegg, produksjonslinja på smelteverket i Odda og kulturarv på Rjukan og Notodden er norsk kandidat til UNESCO si verdsarvliste. På smelteverket opnar NVIM i sommar Odda vitensenter med mykje å testa ut for store og små. I bygget vart Oddaprosessen

oppfunnen, Erling Johnson sin banebrytande patent for fullgjødselproduksjon brukt av store internasjonale konsern .


Vi takkar for alle bidrag frå eit aktivt museumslag. Ikkje minst innsatsen for barn og unge. Historia bidrar til eit levande og stolt lokalsamfunn.

Ta sommargjestene med på museum og vitensenter i sommar.

Velkomen.

Tyssedal, den 19. mai 2010

Randi Bårtvedt



## Odda vitensenter - forts frå side 1

Utstillingane er valt ut i samarbeid med Asle Moldestad frå VilVite i Bergen. Dei er levert av Xplorator i Sverige og VilVite.

Laboratoriet er klart til spanande fellesaktivitetar som kjøkkenkjemi, vitenshow, testing av gassdrivne modellbilar, flaskebåtverft med testbasseng, m.m.,

I kjellaren er fotorommet klart for framkalling av bilete teke med sjølvлага ”pin-hole-kameraer”.

Senteret er ope to dagar i veka i juni. Frå 1. juli er senteret ope tysdag til laurdag heilt fram til skulestart.

Utvikling av senteret er støtta av: Hordaland Fylkeskommune, Odda kommune, Norsk

Industri, Sparebanken Vest, NVE, Store norske spitsbergen kullkompani as, o.a.  
**VELKOMEN!!!**



## Prosjekt: Smelteverksfoto

NVIM har til no registert og digitalisert ca 500 foto frå fotosamlinga til smelteverket.

Bileta er teksta av Alf A. Johnsen, som gjennom eit langt arbeidsliv

på Odda smelteverk har stor kunnskap om bedrifta. Kunnskapen finn vi no att i tekstinga til fotografa, til beste for ettertida.

Saman med kart- og teikningsarkivet er fotosamlinga viktig dokumentasjon av drifta ved smelteverket. NVIM vil formidle dette på Internett, i HF, og til andre

interesserte som kontaktar museet.





# Aktivitetsplan NVIM sommar 2010

<b>Mai - HARDANGER MUSIKKFEST:</b>			
22.	Kl. 14	Konsert i turbinhallen - Tysso I	Martin Fröst, klarinett Ensemble Allegria
23.	Kl. 12 Kl. 14	I Rallarens fotspor - Lilletopp	Lars Klevstrand, Helge Jordal, Rannveig Djøgne
<b>Juni</b>			
5.	Kl. 12 - 15	Opning av Odda Vitensenter - Labben Odda Smelteverk	Nye utstillinger/Labshow
6.		Tur til Skjeggedal - Vi leiter opp spor etter rallartufter, fortel om livet i Skjeggedal for 100 år sidan og ser på natu-	Gratis familiearrangement Samarbeid med Barnas Turlag
<b>Juli</b>			
Onsdagar 11-14		Tysso III - Vatn, vasskraft og elektrisitet	Familieaktivitet
Torsdagar 11-16		Folgefongata - "Borna på Bakka", omvising i arbeidarbustadane	Folgefongata
<b>August</b>			
28.		Oppdagingsferd i Rallarens rike	Samarbeid med TTIL i samband med Ringedalsmarsjen.
<b>Heile sommarferien</b>			
22. juni - 10. aug Tysdagar 11-17		Omvising i vasstunnelane og anlegget på Lilletopp	Lilletopp
Tysdag - laurdag kl. 11-15		Leik og lær med kjemi og teknikk	Odda Vitensenter, Labben

## Hardanger Musikkfest

**Lørdag 22. mai** er det igjen den tradisjonelle konserten i Tysso I. Utøverne i år er Martin Fröst på klarinett med kammerorkesteret Ensemble Allergria. Fröst er ein av verdas beste klarinettistar.



Frå ein tidlegare konsert i Rallarens rike

**Søndag 23. mai** tar Lars Klevstrand oss med i ”Rallarens fotspor” med gamle arbeidar- og rallarsanger. Han tek med seg Helge Jordal, som har uttrykt at han gler seg til å kome tilbake Lilletopp. I år har dei selskap av Rannveig Djonne. Vi byr deg på magiske opplevingar i fordelingsbassenget på Lilletopp.

Konsertane i samarbeid med Hardanger Musikkfest ser vi fram til kvart år. Det er kjekt å sjå publikum og utøvarar trivast i dei utradisjonelle konsertlokala våre. Museet rettar ein stor takk til ildsjelene i museumslaget, som trofast stiller som vaktar år etter år.

## Sommar på NVIM

Årets sommarsesong startar i pinsen. Dette inneber at museet no er ope alle dagar 10-17.

I sesongen tilbyr vi våre attraksjonar: Biletspelet ”Industrieventyret” og guida tur i Tysso I kraftstasjon. I tillegg har vi, som de ser i aktivitetsplanen, tilbod om aktivitetar på faste dagar.

**Tysdagar** er Lilletoppdag – anlegget er ope med omvising inne i dei gamle vastunnelane og enkel servering for tørste vandrarar.

**Onsdag** må du ta med ungane og gummistøvlar og oppleve Tysso III. Her kan alle prøve seg som ingeniør og røyrkonstruktør.



(foto: Harald Hognerud)

**Torsdagar** er det ope i arbeidarbustadane i Folgefonngata. Vi viser biletspelet ”Borna på Bakka” og har omvisingar i leiligheitene. Hagen er open for alle heile sommaren. Museumstilbodet i Folgefonngata er ein del av Odda kommune sitt tilbod i den kulturelle spaserstokken.

# Nytt frå Museumslaget

Museumslaget til NVIM hadde sin årlige tur lørdag 29. august 2009, denne gangen til Bedriftshistorisk samling på Notodden.

Museets daglige leder, Bjørnar Johansen, kom på i Hjartdal og guidet oss inn til byen. En morsom og inspirerende forteller som ga oss informasjon om etableringen av bedriften og dens historie :

Notodden Salpeterfabrikk ble startet i 1904 og var verdens første som framstilte syntetisk gjødning ved Birkeland-Eydemetoden. I 1907

startet kommersiell framstilling av Norgessalpeter ved hjelp av elektrisk kraft fra Svælgfos kraftverk.

Museet er svært innholdsrikt og har bl.a. en modell av Birkelands elektriske kanon, et rom kalt "rallarrommet" som viser hvordan anleggsarbeidet startet, og hvor all slags verktøy er stilt ut. Veggene er fylt med historiske bilder, og svært mye av det vi så, minte om Odda. Arbeiderboligene er bygd etter akkurat samme mal som våre i Folgefonngata og i Tyssedal.

Det siste rommet vi var innom var Kittelsen-rommet. Her henger fem store akvareller som Theodor Kittelsen malte i Svælgfos-serien. Bildene ble bestilt av Sam Eyde i 1906 og Kittelsen fikk forskudd for å male dem. Bildene har spesialglass, spesiell lyssetting og er forsikret for store summer, og er juveler på Hydromuseet.

Vi kunne brukt lengre tid og fått sett mer, men med tanke på at vi hadde lang vei hjem, måtte vi takke Bjørnar Johansen for en flott omvisning.

Vi kjørte til Nutheim hvor vi hadde bestilt middag, og gjett om det smakte!

Og jammen hadde vi sol der også ! På Haukeligrend begynte det å dryppe, og verre ble det. Espelands- og Låtefossen som var moderate da vi reiste om morgenen, hadde est opp til voldsomme vannkaskader.



(foto: Ingunn Eitrheim)

Alle deltakerne foran museet.

Men vi får si som den klassiske avslutningen på mange skolestiler : ”Då vi kom heim, var vi alle samde om at det hadde vore ein fin tur.”

Ingunn Eitrheim

(innlegget er kortet ned - red.)

Turen i 2010 går til Lysøen i månedsskiftet august/september. Mer informasjon i neste nummer av Liv & Rør.



(foto: Ingunn Eitrheim)

Jonny Våde var aktiv i Museums- laget i mange år, m.a. i styret. Han gjekk bort i mars og vil bli djupt sakna. Her er han i sitt rette element i smia på Notodden.

---

## Bli medlem i Museumslaget

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid.

Du kan delta på Museumslagets årlige turer og arrangement.

Du får tilsendt bladet Liv og Rør med informasjon fra NVIM og Museumslaget.

Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

### Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer: kr 100

Familier: kr 150

Foreninger og lag: kr 250

Bedrifter, skoler, etc.: kr 1 000

Kontakt: Halvor Johan Bådsvik

Epost: oikhjb@online.no

Tlf.: 917 95 114

**Bli med i Museumslaget for NVIM og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og pro-  
sessindustrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!!**

Retur: NVIM; Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

## Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi har moderne og inspirerende møtelokale i Statkraftstova. Alle møterom har dagslys, og er luftige og komfortable. Konferanseverten vår er tilgjengeleg under heile opphaldet.

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevningar: kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod.

post@nvim.no - 53 65 00 62



Les meir på:

[www.nvim.no](http://www.nvim.no)

### LIV OG RØR i ny utgave

NVIM og Museumslaget arbeider no med ei forenkling av informasjonsbladet LIV OG RØR. Dette er første utgåve og er eit dobbeltnummer. Målsettinga er å gje ut 3-4 nummer i året: medio mai, medio august og medio november.

Lesarar som ønskjer å spare miljøet og få bladet tilsendt som .pdf fil kan sende ein epost til mette@nvim.no. Bladet ligg òg ute på nettsidene til NVIM og kan lastas ned der.